

Vil du kontakte ein forfattar? Les dette først!

Du får kjennskap til mange levande forfattarar gjennom norskundervisninga, og mange av dei er lette å finne på Internett. Er det greitt å sende e-post eller Facebook-meldingar til dei?

Dei fleste forfattarar blir glade for at du tek kontakt. Det er fint at du vil dele lesaropplevinga di og stille spørsmål om teksten. Men du kan ikkje kontakte forfattaren for at han eller ho skal gjere lekse di, så det er viktig at du er godt førebudd. Her er ei liste over kva du bør gjere før du tek kontakt med ein forfattar.

- 1) Les heile boka eller teksten.**
- 2) Tenk gjennom det du har lese.**
- 3) Søk på Internett. Du finn informasjon på heimesider, forlagssider, i bokmeldingar og intervju.**
- 4) Om du kontaktar forfattaren, bør du bruke e-post – ikkje Facebook-melding. Ikkje ring utan å ha avtalt på e-post.**
- 5) Du må stille spørsmål om teksten eller arbeidet med den – ikkje om forfattarens privatliv. Forteljaren i ein tekst er ikkje den same som forfattaren.**
- 6) Hugs at skjønnlitteratur ikkje er ei gåte med eitt rett svar. Tolkinga di kan vere like riktig som forfattaren eller læraren si tolking.**

Norsk Forfattersentrum og Landslaget for norskundervisning (LNU) har gått saman om å lage enkle køyrereglar for korleis norsklærarar og elevar skal tilnærme seg forfattarar – og omvendt.